



Sogn og Fjordane Teater

Postboks 324

Angedalsvegen 5

6802 Førde

Til Sogn og Fjordane Fylkeskommune og

Førde Kommune

Førde 25.09.18  
Jnr.74/18 mgs

## **SØKNAD OM AUKA DRIFTSSTØTTE**

Vedlagt er søknad om auka driftsstøtte til eigarane av Sogn og Fjordane Teater.

Beste helsing

Sogn og Fjordane Teater LL

Rasmus Mo

Styreleiar

## SØKNAD OM AUKA DRIFTSSTØTTE

*Sogn og Fjordane teater har på bakgrunn av fylkessamanslåinga siste året sett nye mål for sitt virke i det nye fylket. Kompetanse og erfaring som turnéteater, gjer oss i stand til å turnere i ein større region utan å bruke mykje tid på omstilling og utvikling. Vi har difor sett oss målet om å bli Vestland turneteater. Samstundes som vi er i ferd med å vekse ut av Førdehuset vert det arbeid med planar om å etablere eit Nynorskhus i Førde. Teateret er invitert inn som leigetakar og vi er no i nær dialog med eigarane våre om kvar vi skal halde hus i framtida. Same kva alternativ; det planlagde Nynorskhuset, eller ombygging og utviding av lokala i Førdehuset, vil det gi oss auka leigekostnader. Samstundes vil det å verte turneteater i ein større region krevje meir ressursar. Vi søker difor med dette om tilsegn til auka støtte til husleige og utvida drift frå 2022.*

### 1. Endra føresetnader og utvikling av ny strategi

Teateret har sidan starten i 1977 produsert over 200 teaterframsyningar og drive utstrekkt turneverksemd i Sogn og Fjordane, tidvis også i nabofylka. Vi vil halde fram med å vere eit sjølvstendig, produserande og turnerande nynorsk teater, men vi vil turnere i heile den nye regionen.

Vi forventar at Vestland skal oppretthalde dagens kulturpolitikk slik at det kan bli vist scenekunst av høg kunstnarisk kvalitet til innbyggjarane i heile den nye regionen. Eit breitt og godt teatertilbod der folk bur, bidreg til gode lokalsamfunn. Vi meiner det er nødvendig for god nærmiljøutvikling og eit viktig bidrag til god og framtidsretta kultur- og folkehelsepolitikk.

I eit nytt og større fylke, må vi arbeide målretta for å styrke samhald og fellesskap. Språket vårt er ein viktig felles identitetsmarkør å bygge fellesskap med! Som eitt av tre nynorsk-teater står vi i særstilling når det gjeld å bruke nynorsk og vestnorske målføre. Språk er viktig, og vi tek eit særskilt ansvar for å utvikle ny nynorsk dramatik og for å stimulere til at fleire med vestnorske dialekter vel eit yrke innan scenekunst.

I Sogn og Fjordane har 97% av grunnskuleelevane nynorsk som hovudmål og av dagens 56 kommunar i dei to fylka, er det berre Bergen, Askøy og Odda som er språknøytrale. Med eit nært og godt samarbeid med Den kulturelle skulesekken kan vi saman tilby scenekunst på nynorsk. Det er langt mellom teaterproduksjonar med nynorsk scenespråk. Spørsmålet er kva for ny og styrkt rolle vi kan ta nasjonalt på dette området?

Eit sterkt turnerande regioneteater vil vere eit viktig bidrag i arbeidet med å bygge ein felles kultur i det nye fylket. Eit levande, aktivt og profesjonelt teater i Førde er av stor verdi for byen, for bygdene rundt, og for heile regionen. Kunstnarar gir mykje tilbake til samfunnet dei bur i, både profesjonelt og gjennom frivillig arbeid. Det å ha tilgang til interessante arbeidsplassar, vil gjere det mogleg for fleire kunstnarar å bu og arbeide i regionen. Det vil gjere fylket til ein betre stad å bu.

For å vere i stand til å nå målet, vil vi peike på tre faktorar som er avgjerande for å lukkast: tilstrekkeleg og funksjonelt areal, kvalifisert arbeidskraft og midlar til vekst.

### 2. Noverande lokale

I dag har Sogn og Fjordane Teater scene og produksjonslokale i Førdehuset. Tilhøva er på mange område godt tilrettelagt for teateret. Vi har gode verkstader (målar, snikkar, smie,

kostyme, rekvisitt) og å vere saman med biblioteket, Førdefestivalen og Førde Kommune kultur, er eit fellesskap vi set stor pris på.

Men det finst òg utfordringar, teateret lite synleg og utfordringane våre er mellom anna:

- Vi deler publikumsområdet med idrettshallar, symjehall, kino og bibliotek.
- Støygjennomslag til scena frå vrimleareal og vareinngang.
- Scenerommet manglar bakscene og sidescener.
- Vi har ikkje magasin eller scenetårn. Teknisk utstyr og scenografi må fjernast frå scena og mellomlagrast, om scena skal brukast til fleire prosjekt samtidig.
- Det er misforhold mellom salen og scena som skapar utfordringar med sikt for publikum. Balkongen i teatersalen kan ikkje nyttast pga. for dårlege siktforhold.
- Manglande prøvesal.
- Vi har ikkje eigenleg foajéområde til skodespelarane.
- Mangel på opphaldsrom og garderober til teknikarane.
- Vi har for lite plass til kontor og møterom.

Vi har så langt klart oss, men nye føresetnader og mål krev meir areal og betre tilpassa lokale. Eit nytt hus ville vere det optimale. Dersom det ikkje let seg gjennomføre, er utviding og forbetring av noverande lokale ei løysing. Om utvikling av Førdehuset blir framtida, må kulturdelen skjermast frå idrettsanlegga. Ein viktig del av teateropplevinga, og andre kulturopplevingar, er atmosfæren rundt arrangementet. Vi meiner dette er ein avgjerande faktor for å sikre publikumstilstrøyming til kultur i Førdehuset, også om 20 år!

### *Nynorskhuset*

Sogn og Fjordane Teater vart av NRK Sogn og Fjordane og avisa Firda, invitert til å delta i prosjektet Nynorskhuset våren 2017.

*Visjonen for Nynorskhuset er at det «skal bli eit nasjonalt kraftsentrum for norsk språk og kultur. Sogn og Fjordane og Hordaland er det nynorske grunnfjellet. Ved samlokalisering av ei rekkje kultur- og medieaktørar, vil vi utvikle ei motvekt til forvitring av det nynorske språket».*

Ved å samle NRK, NRK Nynorsk Mediesenter, Firda, Nynorsk avissenter saman med Sogn og Fjordane Teater i eit kombinert medie- og teaterhus i Førde, vil Nynorskhuset ved oppstart bli ei av dei største nynorskkllyngene i landet. Det har også meldt seg andre mindre bedrifter som er interesserte i å vere med. Det kombinerte medie- og teaterhuset blir det første av sitt slag i landet og eit fyrtårn for nynorsken.

Det norske språket generelt og nynorsken spesielt, er under press. Meir nynorsk i media, større merksemd om den nynorske litteraturen og eit styrka nynorskteater, kan bli ei viktig motvekt til denne utviklinga. Ambisjonen i Førde er eit klyngemiljø av kultur- og mediebedrifter som kan løfte det norske språket og vere ei innovativ kraft for aktørane.

For teateret er det viktig å legge til grunn at ideen bak og styrken til planane om Nynorskhuset, er eit felles mål om å styrke alle aktørane i bygget. Vi har tru på eitt felles prosjekt som har potensiale til utvikling, med språket som fellesnemnar. Dette er avgjerande for at vi ønskjer å flytte inn i Nynorskhuset.

Eit nytt hus vil gjere oss betre rusta til å utvikle eit sterkt turneteater til beste for publikum i det nye fylket. Nynorskhuset, med gode fasilitetar, også for den gode samtalen, vil få fleire til å oppsøkje teateret. Å vere ein del av Nynorskhuset i Førde, vil gjere oss til ein meir attraktiv arbeidsplass. Det å tiltrekke og rekruttere sterke kunstnariske krefter, er svært viktig for drifta av teateret. Eit aktivt og ressurssterkt teater er utviklande og spennande for kunstnarar. Ein sterk kunstnarisk leiar er avgjerande for utviklinga av teateret og for tilbodet til publikum.

Men eit nytt hus skaper ikkje teaterkunst i seg sjølv. Difor må vi vite at det finst vilje til å sikre stabil økonomi til å drifte huset. Det må ligge føreseielege rammer til grunn for drifta. Vi må kunne oppretthalde dagens aktivitet og utvikle den i samsvar med endra føresetnader.

### 3. Produksjon og økonomi

I 2017 hadde vi seks eigenproduksjonar. Vi spelte 223 framsyningar på 60 ulike spelestader og hadde over 18 000 besøkande. Billetttinntektene utgjorde 5,3% av dei samla driftsinntektene og vi nytta oss av 29 årsverk. I 2018 produserer vi åtte framsyningar, nokre store, nokre små. Dessutan har vi framsyningar i Eventyrrommet og gjestespel.

#### Nøkkeltal Sogn og Fjordane Teater 2014 - 2017

	Totalt publikum	Tal framsyningar	Tal turnestadar	Tal DKS publikum	Årsresultat	Eigenkapital
2017	18094	223	60	4882	278 599	4,4 mill.
2016	15118	198	61	2928	-1 631	4 mill.
2015	15802	127	48	10293	1 448 077	4 mill.
2014	17084	122	55	5222	892 058	2,6 mill.

Å bli Vestland sitt turnéteater vil bety eit turneområde som er større både i areal og innbyggjartal. Tilhøva må leggast til rette om vi skal lukkast med dette. Skal vi oppretthalde dagens produksjonsnivå etter 2020 samstundes som vi utvidar turneverksemnda, må vi ha fleire tilsette i alle avdelingane og vi treng meir areal.

Vi har i dag ei leigekontrakt med Førde kommune som går fram til 2023. Samla husleige i Førdehuset er på 1,4 MNOK. Vi leiger knapt 1300 kvm. Det betyr at vi i dag betaler i overkant av 1000 kr/kvm. Vi har utarbeidd areal- og funksjonsplan i tråd med nye målsetjingar som syner brutto rombehov på om lag 2500 kvadratmeter. Eit grovt reknestykke tilseier at det vil koste kring 100 MNOK å bygge. Det er på line med teaterbygg som er reist andre stader dei seinare åra. I tillegg kjem det ei uvisse ved kor stor fortjeneste og risiko utleigar vil leggje inn i eit nytt bygg. 100 MNOK vil krevje i storleiksorden 5,5-6,0 MNOK i årlege finans- og rentekostnader. I tillegg vil det gå med nær 2 MNOK i årlege FDV-kostnader inkludert vask. I sum står vi derfor framføre ein forventa meirkostnad på 7-8 MNOK. Til frådrag kjem redusert husleige i Førdehuset med 1,4 MNOK. Det blir likevel ein auka kostnad for oss på i overkant av 6 MNOK. Dette er ei svært grov og forenkla tilnærming som prosjektleiar i Nynorskhuset har gjort saman med bygge- og eigedomssjefen i fylkeskommunen. Prosjektet er i ein tidleg fase og vi veit sjølv sagt lite om korleis den einskilde tilbydar vurderer ein eventuell framtidig leigepris.

Om vi skal bli verande i Førdehuset er det behov for ombygging og utviding som skildra i punkt 2. Desse endringane er det ikkje gjort noko kostnadsoverslag på. Sentrale endringar vil vere ekstra teatersal, utbetra publikumsareal og større administrasjon.

Strategien om å bli turnéteater for det nye fylket, vil og gje meirkostnader i form av personalressursar, variable turné kostnader og teknisk utstyr. For å turnere meir samstundes som vi produsera, må vi auke bemanninga med 12 årsverk fordelt på teknisk, kunstnarisk og administrativ avdeling. Vidare vil det vere behov for å investere i meir teknisk turneutstyr. Dette vil krevje god likviditet ved innkjøp, men i reknestykket vårt tek vi utgangspunkt i at det skal skrivast ned over 3-5 år. I sum er det forventa at dei årlege meirkostnadane for dette strategivalet vil bli kring 12 MNOK.

Driftstilskotet for 2017 var på 27,2 MNOK. Staten ytte 19 MNOK (70%), fylkeskommunen 6,1 MNOK (22,5%) og kommunen 2,0 MNOK (7,5%). Fordelinga er regulert i ein standardavtale mellom dei tre partane som har vore uendra sidan 2005. Avtalen gjeld institusjonar som Stortinget har gitt status som regionale eller landsdelsinstitusjonar.

Legg vi saman behovet for nytt teaterbygg og etablering av eit turnéteater for det nye fylket, vil dei *årlege meirkostnadane bli kring 18 MNOK*. Alle tal er svært grove, men det vil vere rimeleg å rekne med at det vil vere behov for å auke driftstilskota frå 27,2 MNOK i 2017 til kring 45 MNOK når nytt hus og ny strategi skal implementerast. Vi har her ikkje tatt med at inntektene visseleg vil auke. *Med noverande fordeling, vil det bety at staten må yte eit årleg driftstilskott på 31,5 MNOK (no 19), fylkeskommunen 10,1 (no 6,1) og kommunen 3,4 (no 2,0).*

Regjeringa arbeider med ei ny kulturmelding som etter planen skal vere klar ved årsskiftet 2018/2019 slik at den kan bli handsama av Stortinget i vårsesjonen 2019. Det er rimeleg å tru at den blir påverka av regionreforma. Regjeringa skal 19. oktober leggje fram eit samla oversyn over endringane som syner kva oppgåver som skal flyttast frå statlege direktorat og etatar til folkevald styring i dei nye fylkeskommunane. Både NRK og teateret står samstundes utsett til med dei endringane som skal finne stad.

Det vil krevje politisk vilje å prioritere eit veksande regionteater. For å verte eit teater for heile Vestland, må vi ha auka midlar og føreseielege rammer. Det vil kunne sikre eit aktivt scenekunstmiljø og eit sterkt turnerande regionteater i det nye fylket.

#### 4. Tilsegn om midlar

Vi reknar med å få signal frå staten i haust om deira vilje til auke driftsstøtte. Men, for å lukkast der, er vi avhengig av at eigarane av teateret stiller opp.

**Sogn og Fjordane Teater søker difor om at Sogn og Fjordane fylkeskommune saman med Førde kommune gir tilsegn om å bidra til auka driftsstøtte frå 2022 for å dekke sin del av**

- a) Auka husleige – i dag anslått til totalt 6 MNOK
- b) Turnéteater for Vestland – i dag anslått til totalt 12 MNOK